


Plan for trusoppl ring i sykkyven og kornnes sokn (0-6  r)



Cher. K     - 16

Plan for trusopplæring i Sykkylven og Ikornnes sokn (0-6 år)

Innleiing

Dei som vel å få barnet sitt døypt i Sykkylven eller

Ikornnes kyrkje bør følgjast tettare opp frå kyrkja. Denne

oppfølginga kan komme til uttrykk ved at rundt barnet sin

dåpsdag dei første leveåra, får barnet noko i posten frå

kyrkja. Dette kan vere noko som minner foreldra og

fadrar om datoen for dåpsdagen, samtidig som det

fungerer som ei helsing frå kyrkja. Målet er at kyrkja

viser at ho er til stades. Ho må bli ein tydelegare

støttespelar allereie ved dåpen, og følgje opp både

dåpsbarn, foreldre og fadrar.

Aldersgruppa 0-6 år er delt i to hovudgrupper, 0-3 år og

4-6 år.

Notater

Måla i aldersgruppa 0-3 år er todelt:

1. Å førebu barnet, og pirre nysgjerrigheita til å byrje på søndagsskulen når dei blir 4 år gamle.
2. Å opparbeide eit sosialt nettverk for foreldra i kyrkja.

Måla i aldersgruppa 4-6 år er:

1. Få 4-6 åringar til å ville byrje på søndagsskulen.
2. Gjere dei kjende med den kristne kulturarven.
3. At kyrkja vil vere ein naturleg møtestad for heile familien, der grunnlaget for trua kan bli lagt.

Dåpen

På dåpsdagen får barnet eit lys og ein klut som eit minne frå den dagen dei vart døypt. Gjennom å gi dei dåpskluten støtter vi også kvinnene på Madagaskar som syr desse klutane. Lyset skal minne oss om at Jesus er verdas lys. Kyrkja ynskjer på denne måten både å gi barnet ei personleg helsing og inkludere foreldre, fadrar og barn i dåpsseremonien. Målet er at dette skal vere starten på eit nært og godt forhold til kyrkja for heile dåpsfylgjet.

Før dåpsdagen sender kyrkja ut eit informasjonsskriv om dåpen og kva tilbod kyrkja har for barnet og foreldra. Til dømes: babysong og foreldre/barntreff.



Vedlegg

Viktige punkt i forhold til gjennomføringa av plan for trusopplæring.

- Brevet som skal sendast til heimen, bør sendast i god tid før markeringar i kyrkja. Til dømes: Myldregudsteneste, utdeling av fire og seksårsbok.
- Bruk media aktivt til kvar markering.
- Oppmunttrar foreldre og fadrar til å delta aktivt.
- Det må presiserast i breva at opplegget er eit tilbod, og ikkje ein forpliktelse.

6 års dåpsdag

Gudsteneste med utdeling av bok til seksåringen.

Dette er ei temagudsteneste der barna på førehand får lære ein song og lage ein enkel ting som har med temaet å gjere. Den tek dei med seg til kyrkja

Så lenge vi får lov til å kome på skulane, vil vi bruke dette høvet til å ha samlingane der. Om skulane ikkje lenger ynskjer å ta i bruk dette tilbodet, vil samlingane bli lagt til kyrkjene. Bruk media (lokalavis) til å informere om opplegget for denne dagen.



1års dåpsdag

Rundt 1.års dåpsdag mottok barnet ei spisebrikke og eit brev i posten. Brevet inneheld ein gratulasjon og informasjon om spisebrikka og kva aktivitetar kyrkja kan tilby barnets aldersgruppe. Døme : Småbarnssong og foreldre/barn-treff.

Målet er at barnet skal bli kjent med den kristne kulturarv, tekster og motiv gjennom spisebrikka. Og at dei føresette blir oppfordra til å bruke teksten ”Å du som metter liten fugl”, som ei bøn før kvart måltid. Håpet er at barnet lærer seg denne teksten, og på denne måten fører kristne tradisjonar, tru og verdiane vidare.



2 års dåpsdag

Rundt 2.års dåpsdag mottok barnet eit bilete med ei kveldsbøn og eit brev i posten. Bilete har teksten "Kjære Gud ta handa mi...". Brevet inneheld ein gratulasjon og informasjon om bilete, og kva aktivitetar kyrkja kan tilby barnets aldersgruppe. Døme: Småbarnssong og foreldre/barn-treff.

Målet er at teksten på bildet skal hjelpe dei føresette til å delta i kveldsbøna og bruke den som ei leggerutine. På denne måten kan barnet lære å vere trygg på at nokon passer på når det søv, og at barnet vil tenke på Jesus og kristendommen som noko trygt og godt. Dette kan vere eit steg til å bygge opp det som blir kalla "barnetru", og slik føre krisine tradisjonar og tru vidare.



Aktuelle tema:

- Kyrkja sine høgtider
- Bøn
- Kven er Jesus?



5 års dåpsdag

Vi ønsker at denne markeringa skal være noko open i forma, slik at vi ikkje låser opplegget. Planen skal fungere som ein slags idebank.

Forslag til opplegg:

Ein superlaurdag/søndag i byrjinga av september. Denne samlinga kan vare i ca. tre timar med aktivitetar og eit måltid. Det bør vere påmelding på førehand. Aktivitetane kan vere skattejakt med skattekart eller sporløp med postar. Skatten bør vere ein konkret gjenstand knytta til den kristne tru, som barnet får med seg heim som eit minne. For å halde på spenninga er det viktig at skatten varierer frå år til år slik at barna ikkje veit kva dei skal finne.

Aktuelle bibelforteljingar:

- Kvinna som mista sølvpengen sin.
- Mannen som fann ein skatt i åkeren.
- Den bortkomne sonen.
- 100 sauer, ein som vart borte.


3 års dåpsdag

Rundt 3 års dåpsdag mottek barnet eit brev og ein cd i posten. Cd-plata inneheld kristne songar frå lokale barnekor. Brevet inneheld ein gratulasjon og informasjon om kva aktivitetar kyrkja kan tilby barnets aldersgruppe. Brevet inviterer også til ei myldregudsteneste. På denne myldregudstenesta kjem eit av kora som syng på cd-plata. Barnet blir invitert til å opptre saman med koret på gudstenesta om dei vil. Dei blir oppfordra i følgjebrevet til å øve heime med cd-plata til gudstenesta. Det vil då vere lettare å ta den i bruk heime.

Barn i denne aldersgruppa har ei naturleg interesse for song og musikk. Songane på cd-plata kan vere med på å formidle den kristne bodskapen gjennom song og musikk i heimen. Samstundes vil dette vere ein informasjon om kva barnekora held på med her i bygda. Det kan også fungere som ein invitasjon til å delta i eit av barnekora.

Døme på songar som kan vere aktuelle er :

- ”Om eg er liten eller stor”
- ”Min Gud er så stor”
- ”Eg veit ingen, ingen som”
- ”Bæ, bæ, bæ kan du sei meg kven eg er?”
- ”Alle, alle vil vi ha med”.



4 års dåpsdag

Gudsteneste med utdeling av bok til fireåringen. Her er det viktig å bruke boka aktivt i gudstenesta, slik at barnet blir nysgjerrig og får lyst til å bruke boka heime.

Denne gudstenesta bør leggjast til slutten av august då søndagsskulane startar oppatt. Slik kan dette vere eit godt høve til å invitere til søndagsskulen.

